



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Senterpartiet i Austevoll

Dykkar ref

Vår ref

Dato

21/487-18

2. juni 2021

Om ferjesamband Austevoll

Vi viser til brev til Samferdselsdepartementet av 27. april 2021 om ferjetilbudet til Austevoll. Vi viser òg til brev av 11. mars frå Tore Hufthamar.

Ferjesambanda til Austevoll over Hufthamar-Krokeide og Husavik-Sandvikvåg er begge fylkesvegferjesamband. Ansvar for rutetilbud og takstar ligg difor hos Vestland fylkeskommune.

Samferdselsdepartementet fastset årleg regulativ for riksvegferjedrifta, men staten regulerer ikkje takstane for fylkesvegferjedrifta. Det er likevel slik at fylkeskommunane etter eige ønske i stor grad brukar staten sine regulativ.

Tilskott til drift av fylkesvegferjer blir dekkja av over fylkeskommunale budsjett og det er opp til fylkeskommunane sjølve å bestemme og prioritera rutetilbud og takstar på sine ferjesamband. Dette er ein sentral del av det lokale sjølvstyret. Det ligg ikkje føre planar om statlege retningslinjer for fylkeskommunal drift på dette området.

Vi takkar for breva og vi har merka oss synspunkta.

Med helsing

Hans Einar Nerhus (e.f.)
avdelingsdirektør

Thomas Tørmo
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Postadresse
Postboks 8010 Dep
0030 Oslo
postmottak@sd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.sd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 904

Avdeling
Veg-, by- og
trafikkikkerhetsavdelinga

Saksbehandlar
Thomas Tørmo
22 24 83 12

Kopi
Vestland fylkeskommune

KOPPI